

## Referat FAU møte Rosseland 03.09.2020

### Til stades:

#### **FAU 2020/2021**

Beate Kvia (2.trinn), Anders G Madsen (3.trinn), Svein Arne Corneliussen (5.trinn), Andrine Nesse (6.trinn), Therese Lyngdal (7.trinn)

#### **Avtroppande FAU medlemmar**

Marte Ø Sørmarken, Guro H Time, Trude Skodje, Siv Høyland, Marthe H Røken)

#### **Frå skuleleiinga**

Lise Emberland (Inspektør), Kristin Vikan Erland (Ass rektor)

**Sak 1 20-21** Informasjon om arbeidet i FAU (Foreldra sitt Arbeids-Utval) v/ rektor og leiar 19/20  
Marte Ødegård Sørmarken.

Ass rektor og inspektør informerte om formål/mandat til FAU. Avtroppende FAU-leider informerte om saker som har vert oppe i FAU siste år.

**Sak 2 20-21** Orientering om økonomi v/Nina P. Brenden

Avtroppende kasserer informerte om økonomisk status. Det sentrale her er mindre robust økonomi samanlikna med foregåande år grunna mindre inntekter. Dette skuldast i stor grad manglande 17.mai feiring 2020.

**Sak 3 20-21** Konstituering; val av leiar, nestleiar, sekretær og kasserar

Det vart gjennomført valg.

Leiar: Andrine Nesse

Nestleiar: Hilde Folkvord

Sekretær: Anders Madsen

Kasserer: Svein Arne Corneliussen

**Sak 4 20-21** Val av representantar til SU, SMU og KFU

Denne saka vart ikkje behandla og blir satt opp som sak i møtet i oktober 2020.

**Sak 5 20-21** Informasjon om oppstart av skuleåret v/ rektor

Info fra ass rektor om status etter oppstart (gult nivå)

**Sak 6 20-21** Covid-19, føringar og rutiner vart gjennomgått av skuleleiinga. Informasjon blir publisert på heimesida til skulen for å sikre konsistent informasjon til foreldrene.

**Sak 7 20-21** Høyring skulebruksplanen 2020-2028. Frist 11.september.

Ift Hognestad skule vart fleire aspekt diskutert i møtet. Hognestad FAU hadde på førehand kontakta avtroppande leiar ift om Rosseland FAU ville støtte Hognestad i å bevare skulen. Nokre møtedeltakarar støtta dette, medan fleirtalet meinte at mandatet til Rosseland FAU er å vurdere skulebruksplanen ift korleis dette påverkar Rosseland skule og ungane der. Vi som FAU kan ikkje ta eit lokalpolitisk standpunkt i denne saken. Ein representant i møtet meinte også at det var feil at skuleleiinga var ein del av denne diskusjonen. Dette kom opp i etterkant av møtet og var ikkje noko som vart diskutert i møtet. Leiinga var derfor ein del av dette møtet i si heilheit. Det vart også poengtert at enkelte FAU medlemmer hadde fått dokument tilsendt seint ift å sette seg nok inn i sakene på førehand.

***På bakgrunn av innspel og kommentarar under og i etterkant av FAU møtet 03.09.2020 vart det beslutta å drøfte skulebruksplanen på nytt i eit separat møte 10.09.2020. I perioden 04.09.2020-10.09.2020 vart skulebruksplan delt med alle foreldrekontaktene på skulen for å få fleire syn på***

**desse sakene. I same periode har FAU også mottatt eit skriv frå Hognestad FAU ifm deler av skulebruksplanen. Konklusjonane som følger vidare i dette referatet i sak 7 20-21 er derfor IKKJE lenger gyldige. Desse er merka i **rødt**.**

Konkrete innspill Hognestad skule:

- o Viktig at trafikksituasjonen ifm busstransport blir vurdert og løst på en god måte dersom dette blir et alternativ fra 2024. Må inn som en del av pågående arbeid/prosjekt rundt Kong Haakongsgate og ny Tennishall (hjertesone).
- o Dersom FAU Rosseland skal støtte alternativet om at Hognestad elever skal til Rosseland i en periode må dette vere frå tidlegaste 2024 ref prognoser på elevtall vedlagt i høyringsdokumentet.
- o FAU ser det også som viktig at uteområdet til Rosseland skule blir oppgradert dersom elevtalet skal økes.

Rekruttering av lærere og rektorer - forslag fra FAU som kan vurderes for å snu trenden:

- o Faste stillinger fra første år
- o Vurdere reine faglærerstillinger - tilpasse stillingsstruktur for å gjere det meir attraktivt
- o Spør dei mannlige lærarane i kommunen samt studenter - kva skal til?
- o Viktig å fokusere på godt arbeidsmiljø som en grunnleggande faktor

Deling av elever mellom dei to ungdomsskulane på Bryne :

- o Bekymring ift liten andel som skal til Vardheia frå Rosseland ift til dei som skal til Bryne ungdomsskule. FAU Rosseland mener det bør etablerast ei nedre grense for kor mange fra Rosseland som skal til dei ulike skulane for å sikre best mogleg overgong frå barneskulen. FAU Rosseland anbefaler også at det skal vere fleksibilitet ift å søke seg over til annen skule enn det grensene tilseie ved spesielle sosiale behov (trygghet i venner etc)
- o FAU Rosseland går for alternativ 2 i høyringsdokumentet.

#### **Sak 8 20-21** Eventuelt

Info om samarbeid på tvers av idrettsklubbane på Bryne - formål å gi tilbud til flest mulig lengst mulig samt at det blir lettere for ungane å delta på fleire aktiviteter - video blir laga som skal brukast på alle foreldremøter. Innspel om at samarbeidsgruppa (her representert ved Rosseland Ballklubb og Bryne Håndball) også besøker barnehagane.